

*Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.*

*Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.*



## Møtebok for AU-møte 19. november 2013

Protokoll frå: Møte i arbeidsutvalet  
Møtedato: 19.11.2013 (møtet utsett frå 18.11)  
Tid: 11.00-11.45  
Møteleiar: Mona H. Hellesnes  
Møtestad: Highland Logde, Geilo  
Referent: Magnus Vestrheim

*Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Trond Johansen, Hans Erik Ringkjøp, Kjell B. Hansen, Reid Ivar B. Dahl og Magnus Vestrheim.*

*Forfall: Filip Rygg*

### AU 30/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding: Innkalling og sakliste vert godkjente.

*Vedtak:*

*Tilrådinga vart samrøystes godkjent.*

### AU 31/13 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 30. oktober 2013

Tilråding: Møteboka frå AU-møtet 30. oktober vert godkjent.

*Vedtak:*

*Tilrådinga vart samrøystes godkjent.*

### AU 32/13 Budsjett 2014

I den utsende årsmøtesaka om budsjettet for 2014 (kfr. ÅM sak 06/13), er det som i budsjettet for 2013 lagt opp til eksterne bidrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Oslo kommune og Flåm Utvikling med 50.000,- kr. på kvar. Desse bidraga har ikkje kome inn og spørsmålet er om det er realistisk å budsjettera med dei for neste år. Alternativa er å kutta i kostnadane eller styrka inntektssida med fondsmidlar. Som nemnt i ÅM sak 06/13 er arbeidskapitalen pr. 30. oktober på ca. 800.000,- kr. og denne summen vil ikkje verta vesentleg redusert før ny dagleg leiar er på plass.

*Vedtak:*

*AU innstiller til årsmøtet at utsendt forslag til budsjett for 2014 vert endra slik at tilskot frå eksterne bidragsytarar på til saman 150.000,- kroner vert stroke samstundes som driftsinntektene vert styrka med tilsvarende sum frå eige fond.*

### **AU 33/13 Utlysing av stillinga som dagleg leiar**

Til møtet var sendt ut annonsen som var brukt sist stillinga som dagleg leiar var utlyst. Annonseteksten er justert på eit par punkt. Engasjementet skal vara fram til 31.12.2015. I tillegg er det lagt inn opning for tilsetjing i deltidsstilling.

*Vedtak:*

*Stillinga som dagleg leiar skal lysast ut snarast i samsvar med utsendt annonsetekst.*

Etter AU-møtet er stillingsannonsen i samråd med leiar og etter kontakt med medlemmene i AU blitt endra på to punkt. Vossebanen er trekt fram som eit viktig prosjekt. I tillegg er det ikkje lenger presisert at engasjementet skal vera heil stilling samstundes som formuleringa om deltidsstilling er teke ut.

### **AU 34/13 Eventuelt**

Neste møte i AU vert eit telefonmøte og må haldast like etter at oppdragsbrevet om Ringeriksbanen er sendt frå SD. Dersom det skjer før medio desember er mandag 16. etter lunsj eller tysdag 17. før lunsj aktuelle tidspunkt.

KVU for Arna-Bergen skal opp som sak på dette møtet.

Møtet heva kl. 11.45

Magnus Vestheim  
referent